

Vestlandsforskning-notat nr. 2/2009

Alumniordning for trainear

Rapport frå traineeprojektet 2008-09

Ingrid Sælensminde og Marte Lange Vik (red.)



www.framtidfylket.no


Vestlandsforskning notat

Tittel Alumniordning for traineeear	Notatnummer 2/2009 Dato 15.06.09 Gradering Open
Prosjekttittel Traineeprosjekt 2008-09	Tal sider 41 Prosjektnr 6098
Forskar(ar) Ingrid Sælensminde Marte Lange Vik	Prosjektansvarleg Agnes Landstad
Oppdragsgivar Framtidsfylket a/s på vegne av Coast Seafood, Hotell Alexandra, Hydro Høyanger, Luster sparebank, Nesseplast, PriceWaterhouseCoopers Måløy, Sogn og Fjordane Energi, Transplant og Vestlandsforskning	Emneord Trainee, alumni, nettverk
Samandrag Notatet er ei utgreiing om moglegheitene for ei framtidig alumniordning for tidlegare traineeear gjennom Framtidsfylket.	
Andre publikasjonar frå prosjektet Ingen	
ISSN: 0804-8835	Pris: 0 kr

Desse bedriftene har vore involverte i årets traineeprosjekt:



på vegne av



Forord

Dette notatet er eit resultat av traineeprosjektet for kullet av traineeear 2008-2009. Traineeprogrammet i Sogn og Fjordane legg opp til at traineeane skal arbeide med eit felles prosjekt – eit årleg traineeprosjekt – på tvers av verksemdene dei er tilsett i. Prosjekta skal skape ein felles arena for opplæring i prosjektarbeid og utvikle traineeane sin evne til å arbeide i tverrfaglege grupper. Traineeprosjekta skal vidare styrke forholdet mellom traineeverksemdene ved å etablere faglege og sosiale nettverk. Dei årvisse traineeprosjekta har ulike tema som alle er relevante for dei involverte verksemdene. Felles for prosjekta er eit mål om å generere ny kunnskap av interesse for eit større publikum.

Årets prosjekt har tittelen Alumniordning for traineeear. Målet for prosjektet har vore:

- Trene traineeane i utgreiings- og prosjektarbeid og tilføre dei viktig kunnskap
- Utarbeide forslag til moglege alumniordningar for tidlegare traineeear i Framtidsfylket
- Dokumentere prosjektet gjennom ein sluttrapport og kome med tilrådingar.

Prosjektet er gjennomført på følgjande måte:

- Prosjektgrupper fordelt etter geografisk bustad har hatt ansvar for ulike delar av prosjektet. Prosjektarbeidet skal gjennomførast som ein del av traineen sine arbeidsoppgåver i traineeverksemda.
- I løpet av prosjektperioden har det og vore arrangert ein studietur til Brussel.

Temaet for prosjektet er knytt til arbeidet mot ei framtidig alumniordning for tidlegare traineeear gjennom Framtidsfylket.

Sogndal 2. juni 2009

Ingrid Sælensminde og Marte Lange Vik

Prosjektleder

Innholdsliste

1. Innleiing	7
1.1. Struktur	8
2. Kva for tilbod ønskjer dei tidlegare traineeane seg?	9
2.1. Korleis utførte vi undersøkinga?	9
2.2. Kven svarte på undersøkinga?	9
2.3. Kva svarte traineeane?	10
2.4. Kva er totalinntrykket frå denne undersøkinga?	17
3. Forslag til alumniordning	18
3.1. Traineetreff	18
3.2. Nettverksløysingar knytt til Traineeordninga for Sogn og Fjordane	19
3.3. Nyheitsbrev	21
4. Finansiering og tilbakemelding frå arbeidsgjevarar	23
4.1. Finansieringsmodellar	23
4.2. Moglege finansieringskjelder	24
4.3. Finansiering frå arbeidsgjevarar	26
5. Tilrådingar og oppsummering	28
5.1. Andre tilbakemeldingar frå arbeidsgjevarar	26
5.2. Generelle tilrådingar	28
Vedlegg	30
Vedlegg 1: Spørjeskjema til tidlegare og noverande traineear	30
Vedlegg 2: Programforslag traineetreff – Traineetreff på Stad!	32
Vedlegg 3: Forslag til nyhendebrev	34
Vedlegg 4: Oppsummering av tilbakemelding frå traineeverksemdar	37
Vedlegg 5: Oversikt over tidlegare traineear i Trainee SFJ	40

Figurliste

Figur 1: Kor ofte har du kontakt med andre tidlegare traineear i fylket?	10
Figur 2: Kva synest du er det viktigaste formålet med å ha kontakt med andre tidlegare traineear?	11
Figur 3: Kor interessert er du i å delta på ei årleg samling som samlar fleire traineekull til litt fagleg og litt sosial aktivitet?	12
Figur 4: Kven av dei tidlegare traineeane kan du helst tenkje deg å ha kontakt med i ei alumniordning?	13
Figur 5: Kva type tilbod/aktivitet synst du ei slik samling bør innehalde?	14
Figur 6: Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineear, kor ofte ser du for deg at du vil bruke denne?	15
Figur 7: Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineear, kva synst du denne bør innehalde?	16
Figur 8: Menyval nettside	19

1. Innleiing

Av Marte Lange Vik

Dette notatet er eit resultat av traineeprosjektet for kullet av traineeear 2008-2009. Traineeprogrammet i Sogn og Fjordane legg opp til at traineeane skal arbeide med eit felles prosjekt – eit årleg traineeprosjekt – på tvers av verksemdene dei er tilsett i. Prosjekta skal skape ein felles arena for opplæring i prosjektarbeid og utvikle traineeane sin evne til å arbeide i tverrfaglege grupper. Traineeprosjekta skal vidare styrke forholdet mellom traineeverksemdene ved å etablere faglege og sosiale nettverk. Dei årvisse traineeprosjekta har ulike tema som alle er relevante for dei involverte verksemdene. Felles for prosjekta er eit mål om å generere ny kunnskap av interesse for eit større publikum.

Følgjande personar har delteke i årets traineeprosjekt;

- Rune Henden, *Transplant*
- Andreas Hop, *Luster sparebank*
- Katrine Myklebust, *Coast Seafood*
- Kristjan Ingi Nesse, *Høyanger Næringsutvikling; Nesseplast og Kvalitetslosen*
- Ann Christin Norevik, *Høyanger Næringsutvikling; Hydro Høyanger*
- Malene Sande, *Hotel Alexandra*
- Ingrid Sælensminde, *Vestlandsforskning*
- Marte Lange Vik, *Vestlandsforskning*
- Hans Ørjasæter, *Sogn og Fjordane Energi*

Årets prosjekt har tittelen Alumniordning for traineeear. Målet for prosjektet har vore:

- a) Trene traineeane i utgreiings- og prosjektarbeid og tilføre dei viktig kunnskap
- b) Utarbeide forslag til moglege alumniordningar for tidlegare traineeear i Framtidsfylket
- c) Dokumentere prosjektet gjennom ein sluttrapport og kome med tilrådingar.

Prosjektet er gjennomført på følgjande måte:

- a) Prosjektgrupper fordelt etter geografisk bustad har hatt ansvar for ulike delar av prosjektet. Ei styringsgruppe har hatt det overordna ansvaret for fordeling av oppgåver og framdrifta i prosjektet, og Ingrid Sælensminde og Marte Lange Vik har delt prosjektleiarrolla mellom seg i dei ulike fasane av prosjektet.
- b) Prosjektarbeidet skal gjennomførast som ein del av traineen sine arbeidsoppgåver i traineeverksemda. Med tanke på svært varierende arbeidsoppgåver i dei ulike traineeane har det for somme vore lettare å inkorporere dette arbeidet som ein del av det daglege arbeidet, medan andre har måtta møtast utanfor normal arbeidstid og arbeidsstad.
- c) I løpet av prosjektperioden har det og vore arrangert ein studietur til Brussel.

Temaet for prosjektet er knytt til arbeidet mot ei framtidig alumniordning for tidlegare traineeear gjennom Framtidsfylket, etter ønskje frå dei involverte verksemdene. Etter at Trainee SFJ-programmet starta opp i 2004, har det vore fem kull i seks grupper innom ordninga. Mengda av tidlegare traineeear aukar kvart år, og med skifte i leiinga i prosjektet og etter som fleire og fleire traineeear har skift arbeid og kanskje flytta ut av fylket igjen, har det blitt skapt eit behov for å gjenskape oversikta over dei som har vore innom programmet.

Samtidig blir alumniordningar meir og meir vanleg for denne type program, og etter fem år er det framleis ei oversiktleg mengd personar som skal organiserast i, og høyrast i forkant av opprettinga av ei alumniordning. Det er ein god idé å starte ei alumniordning no som så kan vekse seg større etter kvart som mengda tidlegare traineear veks ytterlegare. Dette prosjektet har såleis fleire formål:

- a) Skaffe oversikt over tidlegare traineear i Trainee SFJ
- b) Utreie om eit alumnitilbod til tidlegare traineear som kan
 1. Bygge på det tilbodet traineeane har i traineeåret i form av nettverksbygging og fagleg kompetanseheving
 2. Sikre at det blir lettare å halde oversikt over dei tidlegare traineeane i framtida

1.1. Struktur

Rapporten inneheld fem kapittel i tillegg til vedlegg. Kapittel 2 er ein gjennomgang av den spørjeundersøkinga som ligg til grunn for utgreiinga om moglege alternativ til alumniordningar. Her vil vi presentere kva tilbod dei tidlegare traineeane ønskjer seg. Kapittel 3 er vidare ein gjennomgang av korleis dei ulike alternativa til alumniordning, traineetreff, nettside og nyheitsbrev, korleis organiseringa praktisk kan løysast, kva dei inneber og kva dei vil krevje. I kapittel 4 tek vi for oss moglege finansieringsmodellar og –kjelder, og gir eit kort referat frå samtalar og e-postutvekslingar med arbeidsgjevarar. Rapporten blir avslutta med nokre generelle tilrådingar i kapittel 5.

I vedlegga finn de kopi av spørjeundersøkinga som vart sendt ut til dei tidlegare traineeane, forslag til program for traineetreff, forslag til nyheitsbrev og oppsummering av tilbakemelding frå traineeverksemdene.

2. Kva for tilbod ønskjer dei tidlegare traineeane seg?

Av Ingrid Sælensminde

Når vi foreslår korleis eit alumniltbod for Trainee SFJ skal sjå ut, er det viktig å gjere dette ut frå kva vi trur dei tidlegare traineeane ønskjer seg. For å få eit inntrykk av kva traineeane kan tenkje seg å vere med på og få ut av eit alumninettverk, sendte vi ut eit spørjeskjema til alle tidlegare traineear i det som no høyrer til Framtidsfylket. Utforminga av spørjeskjemaet er basert på innleiande uformelle intervju med ein del av dei tidlegare traineeane, som vi gjennomførte for å få innspel til kva for tema det kunne vere lurt å spørje alle om. Her vil vi presentere nokre av resultatane frå spørjeundersøkinga.

Dette er ikkje ein grundig statistisk analyse, men ein enkel presentasjon av nokre av dei svara vi fekk inn. Vi meiner at ei slik enkel framstilling er tilstrekkeleg for det formålet vi skal bruke dette til. Svara har vi brukt som grunnlag for forslaga til alumniopplegg.

Vi viser først korleis undersøkinga blei gjennomført, og kven som svarte. Deretter viser vi dei viktigaste innspela vi fekk gjennom denne undersøkinga. Til slutt oppsummerar vi kva vi meiner er det viktigaste å ta omsyn til når vi lagar eit alumni-program. Desse punkta tek vi med vidare til dei konkrete forslaga våre seinare i rapporten.

2.1. Korleis utførte vi undersøkinga?

Vi sendte ut eit elektronisk spørjeskjema på e-post til tidlegare traineear i Springbrett- og NHO-programma, som no er samla under Framtidsfylket. Årets traineekull fekk òg utdelt skjemaet, først og fremst fordi dette kullet vil vere ferdig som traineear innan prosjektet blir satt ut i live. Svara var anonyme.

Fordi det ikkje fanst noko samla oversikt over namn og adresser til dei tidlegare traineeane, tok det oss litt tid å få ei slik oversikt. Med kullet 08/09 har det totalt vore 52 traineear. Vi lukkast i å få tak i namnet på alle, men fekk feilmelding på e-postadressene til to tidlegare traineear. Med unntak av desse to, fekk alle skjemaet. Svarfristen var seks dagar, og vi sendte ut ei påminning undervegs.

2.2. Kven svarte på undersøkinga?

Blant dei 50 traineeane som fekk spørjeskjemaet, fekk vi 40 svar. Med andre ord har 80 prosent svart på undersøkinga, ein svært god svarprosent. Den prosentvise fordelinga av traineear mellom dei ulike programma ser ut til å vere om lag den same i undersøkinga som den er i det verkelege livet. Altså har traineeane frå Springbrett, NHO og årets Trainee SFJ-kull vore om lag like flinke til å svare. Vi veit likevel ikkje om fordelinga er heilt lik, fordi ein del har latt vere å svare på kva for program dei tilhøyrer.


Traineeordninga går fem år tilbake i tid, til det første kullet i 2004-2005. Traineeane frå dei tre siste åra har litt større svarprosent enn traineeane frå dei to første åra. Forskjellen er likevel for liten til at vi går nærare inn på om dette kan ha noko å seie for svarfordelinga. Dersom ein skal gjere ein tilsvarande undersøking om att om nokre år, er det sannsynlegvis grunn til å sjå nærare på dette. Viss det etter kvart blir mange "gamle" traineear, og mange av desse ikkje har svart, kan det hende at svara på kva folk ønskjer seg blir litt misvisande. Ein kan tenkje seg at dei første traineekulla vil kunne svare litt annleis enn dei seinare kulla på om dei ønskjer seg eit alumniltbod og kva dette eventuelt skal innehalde. Det kan hende at folk begynner å få andre ønskjer for ein alumniordning etter kvart som det har gått ein tid sidan dei var traineear. Det kan til dømes vere fordi dei har hatt mindre systematisk kontakt med dei andre i deira kull, fordi dei har vore lenger i arbeidslivet eller fordi dei er eldre og/eller meir etablerte.

2.3. Kva svarte traineeane?

2.3.1. Kontakt mellom traineeane i dag

Som ein bakgrunn for planlegginga av eit alumniltilbod, er det interessant å få eit inntrykk av kor mykje kontakt tidlegare traineear har med kvarandre i dag. Figuren under viser kor mykje kontakt noverande og tidlegare traineear sjølv seier dei har med andre traineear:

Figur 1: Kor ofte har du kontakt med andre tidlegare traineear i fylket?



Forklaring til figuren:			
R1/mørk blå:	Kvar veke	R5/gul:	Kvar 6-12 måned
R2/grøn:	Kvar 2-4 veke	R6/raud:	Sjeldnare enn ein gong i året
R3/grå:	Kvar 1-3 måned	R7/lys blå:	Aldri
R4/lilla:	Kvar 4-6 måned		

Ut frå denne opptellinga kan det sjå ut som at dei "nyare" årskulla har mest kontakt med andre traineear, og at kontakten blir mindre over tid. Eit klart fleirtal av traineeane frå dei tre siste åra har kontakt med andre tidlegare traineear minst kvar tredje måned, og mange oftare enn det.


Her er det dessverre ein feil i spørsmålsstillinga som gjer at svara frå årets traineekull blir usikre. Vi spurte kva for kontakt ein har med "andre tidlegare traineear", men burde ha spurt etter kontakten med "andre noverande eller tidlegare traineear". Dette kan ha ført til at dei noverande traineeane har tolka spørsmålet ulikt. Nokon kan ha tenkt på kor mykje dei har kontakt med tidlegare traineekull, medan andre kan ha svart på kva for kontakt dei har med både noverande og tidlegare traineear. Dermed bør vi ikkje leggje vekt på svara frå det seinaste kullet her.

E-post er det vanlegaste middelet for kontakt mellom traineeane, men mange svarar òg at dei har kontakt med andre gjennom Facebook eller andre nettsamfunn, at dei møter dei på jobb, at dei møtast på fritida eller at dei har telefonkontakt.

2.3.2. Formålet med kontakt mellom traineear

Ein viktig faktor når vi planlegg eit alumniopplegg, er kva deltakarane ønskjer å få ut av dette. Derfor bad vi alle om å plukke ut éin grunn dei synst er viktigare enn dei andre til å halde kontakt med tidlegare traineear. Her valde dei frå ei liste med grunnar:

Figur 2: Kva synest du er det viktigaste formålet med å ha kontakt med andre tidlegare traineear?




Vi ser at når traineeane skulle velje éin grunn til å ha kontakt med andre traineear, kjem det sosiale og generell nettverksbygging klart først på prioriteringslista. Her blir det sosiale og det faglege nesten like mykje vektlegg. Færre meiner at kontakt med arbeidsgjevarar eller direkte hjelp i jobbsamanheng er det viktigaste. Berre to av 40 meiner slik kontakt ikkje er viktig.

2.3.3. Interesse for eit arrangement for tidlegare traineear

På eit møte på ei traineesamling i Dale i november 2008, før spørjeskjemaet blei laga, kom traineeane 08/09 fram til at det var to moglege alumnilbud som peika seg ut som særleg gode forslag. Dette var for det første å lage eit arrangement som kunne samle tidlegare traineear, og for det andre å lage eit tilbod på *Internett* og/eller *e-post* som kunne hjelpe traineeane å ha kontakt med kvarandre. Derfor bad vi om svar på spørsmål rundt desse forslaga i spørjeskjemaet.

Når det gjeld arrangement, er det viktigaste spørsmålet om noverande og tidlegare traineear kunne tenkje seg å vere med på eit slikt arrangement. Vi spurte dei kor interesserte dei var i å vere med på dette:


Figur 3: Kor interessert er du i å delta på ei årleg samling som samlar fleire traineekull til litt fagleg og litt sosial aktivitet?



Vi ser at det er stor interesse for eit slikt arrangement. 31 av 40, altså 78 prosent av dei som svarte, er ganske eller veldig interessert i å delta på ei slik samling. Fleire understrekar i kommentarfeltet at dette er noko dei svært gjerne vil vere med på. Ein av dei som er "litt interessert" meiner at det er for ofte å ha eit slikt arrangement kvart år, men at han/ho er elles interessert i eit slikt arrangement.

Eit anna spørsmål er kva for andre traineear dei ser for seg å møte på eit slikt arrangement. Er dei mest interessert i å sjå att andre frå sitt eige kull, eller kunne dei tenkje seg ein breiare møteplass med fleire kull samla? Vi spurte om det:


Figur 4: Kven av dei tidlegare traineeane kan du helst tenkje deg å ha kontakt med i ei alumniordning?



Ut frå diagrammet kan vi lese at eit stort fleirtal, 30 av 40 eller 75 prosent, ønskjer at eit alumniarrangement skal samle fleire kull (blå søyler). Seks av traineeane ønskjer eit arrangement berre for sitt eige kull (grøne søyler). Desse er anten traineear no eller var det for kort tid sidan. Vi ser ikkje noko mønster i kven som ikkje er interessert i eit slikt arrangement (gule søyler).

I neste spørsmål presenterte vi traineeane for ei liste over aktivitetar ein kan tenkje seg å ha med i eit alumniarrangement. Dei kunne krysse av opp til tre ønskjer frå lista. Då blei fordelinga over ønskjer slik:

Figur 5: Kva type tilbod/aktivitet synst du ei slik samling bør innehalde?




Vi ser at sosialt samvær er det punktet som flest kryssa av på. Det er også mange som kan tenkje seg at samlingane kan innehalde fysisk aktivitet, og ei oppdatering på aktuelle aktivitetar i fylket. Dei meir karriereorienterte alternativa for fagleg kompetansebygging og informasjon om jobbmoglegheiter er det færre som kryssa av på, men også desse har fått ein del stemmer. Det minst populære forslaget er aktivitetar for personleg utvikling, som dei fleste kjenner frå traineesamlingane. Vi opna for kommentarar til dette spørsmålet, og her fekk vi eit par kommentarar på at det er spennande å halde kontakt og høyre kva dei andre gjer no.

Det ser altså ut til at det viktigaste for traineeane er kontakten med dei andre i seg sjølv. Konkret fagleg innhald kjem på andreplass på prioriteringslista. Dette tyder ikkje nødvendigvis at dei som har svart "berre" vil vere sosiale og ikkje kan ha ein yrkesorientert tanke bak prioriteringane sine. For det første er det òg relativt mange som har kryssa av for at dei er interessert i yrkesretta aktivitetar på arrangementet. Dessutan, som vi såg i tabell 2, var dei to viktigaste grunnane til å ha kontakt med andre traineear det sosiale og det å ha eit fagleg nettverk. Reint sosiale aktivitetar kan òg verke nettverksbyggande.

2.3.4. Interesse for nettressurs

Når det gjeld tilbod på nett, treng vi å vite om det er interesse for dette. Er det det, bør vi forme tilbodet etter kor mykje vi trur det vil bli brukt, og etter kva dei tidlegare traineeane ønskjer å få ut av det. Vi spurte derfor kor ofte traineeane så for seg å bruke eit alumninetttilbod:


Figur 6: Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineeear, kor ofte ser du for deg at du vil bruke denne?



Her var det fire svaralternativ: "Nesten kvar dag", "1-2 gongar i veka", "1-2 gongar i månaden" og "sjeldnare". Det var ingen som svarte at dei ville bruke tilbodet kvar dag, og heller ingen som sa at dei aldri ville bruke det. Fleirtalet ser for seg å bruke det ein gong i blant, og har kryssa på 1-2 gongar i månaden. Fleire kommenterer at det er litt vanskeleg å seie kor ofte dei vil bruke ressursen når dei ikkje veit kva han skal innehalde.

Dette leier oss inn på spørsmålet om kva traineeane ønskjer seg frå eit eventuelt nettilbod. Her fekk dei ei liste med forslag, og kunne kryssa av opptil tre av dei. Slik fordelte svara seg:

Figur 7: Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineeear, kva synst du denne bør innehalde?



Forklaring til figuren:

1: Oppdatert informasjon om bustad og arbeidsstad

2: Diskusjonsforum

3: Nyhende frå traineeprogrammet

4: Nyhende frå verksemdene

5: Jamleg utsending av nyhende på e-post

Som vi ser, fordeler svarea seg relativt jamt mellom dei ulike alternativa. Det er flest som seier dei ønskjer seg informasjon om kor ein kan få tak i dei tidlegare traineeane. 24 av dei som svarte har kryssa av på dette. Nesten like mange, 22 personar, har svart at dei kunne tenkje seg eit diskusjonsforum, medan 21 har kryssa av at dei kunne tenkje seg nyhende frå verksemdene. 19 av traineeane har kryssa av for nyhende frå traineeprogrammet. Minst populært er forslaget om ein jamleg utsending av nyhende på e-post, som 15 har kryssa av for.

Med ei så jamn fordeling er det ikkje noko forslag som merkar seg ut som ekstra viktige å ha med. Det er heller ikkje nokon av forslaga som har klart mindre oppslutnad enn dei andre. Det kan vere fleire grunnar til at fordelinga er så jamn. Éin mogleg grunn kan vere at det er klare skilnader i oppfatningane om kva det er viktig å ta omsyn til når ein lagar ein nettstad, og at svarea derfor fordeler seg på alle alternativa. Ein annan grunn kan vere at dei ikkje har heilt klart for seg korleis eit nettilbod kan sjå ut, og at svarea derfor blir litt tilfeldige. Ein tredje grunn kan vere at svaralternativa er litt ulne, og at dette kan føre til litt tilfeldige svar.

Likevel kan vi tolke dette til at vi har fått eit visst hint om kva det kan vere lurt å satse på viss vi vil lage eit nettilbod. Vi såg tidlegare i undersøkinga at dei viktigaste grunnane til å ha kontakt med andre tidlegare traineeear var det sosiale, og det å ha eit fagleg nettverk. Oppdatert kontaktinformasjon, som flest kryssa av at dei ville ha på nett, vil kunne støtte opp om desse måla. Også diskusjonsforum og nyhende frå verksemdene kan bidra til å halde oppe nettverk. Nyhende frå traineeprogrammet kan kanskje verke mindre spennande sidan fleirtalet av dei som svarte på undersøkinga er ferdige med traineeåret og dermed ikkje lenger er i hovudmålgruppa for programmet. Når det gjeld det minst populære alternativet, nyhende på e-post, er det slik vi ser det ikkje grunn til å avvise at vi også kan gjere dette, sidan det også er relativt mange som har kryssa av for det.

2.4. Kva er totalinntrykket frå denne undersøkinga?

Traineeane har jamt over svart at det er viktig å halde kontakt med kvarandre etter at traineeåret er over. Dei meiner dette er bra både av sosiale og av yrkesmessige årsaker. Dette inntrykket blir forsterka mot slutten av undersøkinga, der vi bad folk skrive inn eigne kommentarar. Her er det mange som er svært oppmuntrande, og skriv at det er viktig å få i gang eit alumninettverk.

Interessa for å delta på eit årleg arrangement for tidlegare traineear verkar stor, og fleirtalet ønskjer at dette skal vere eit arrangement der ein møter både sitt eige og andre traineekull. Sosialt samvær skil seg ut som ein viktig grunn til å samlast, men det verkar som det også er stor åpenheit for aktivitetar som tek føre seg næringslivet i fylket og faglege spørsmål.

Når det gjeld nettressurs, svarer fleirtalet at dei ser for seg å bruke denne ein gong i blant. Det er altså grunn til å tru at ei slik nettside vil bli brukt, men vi bør ta omsyn til at aktiviteten sannsynlegvis ikkje blir veldig høg. Oppdatert kontaktinformasjon om andre tidlegare traineear står høgst på lista over kva for innhald folk ønskjer seg. Dette er òg eit tilbod som ikkje er avhengig av høge besøkstal for å fungere godt. Det same gjeld for nyhende om verksemdene, som mange kryssa av for. Diskusjonsforum, som også mange ønskjer seg, er meir avhengig av besøk, noko vi må tenkje igjennom. Generelt har vi fått inn ein relativt jamn fordeling av kryss på alle forslaga. Dette gjer at andre omsyn kan vere vel så viktige når vi vel korleis vi vil utforme nettilbodet. Eit døme på eit slikt anna omsyn kan vere behovet for å minne folk på å bruke nettsida, som vi til dømes kan gjere ved å sende ut nyhende på e-post.

3. Forslag til alumniordning

Av Per Eivind Hageland, Rune Henden, Katrine Myklebust, Kristjan Ingi Nesse, Ann-Christin Norevik, Malene Sande, Marte Lange Vik og Hans Ørjasæter

3.1. Traineetreff

Føremålet med eit slikt treff er å oppretthalde kontakten mellom traineeane som har vore i same kull, og å knytte litt kontaktar på tvers av årskulla. I tillegg vert det lagt opp til foredrag med nystarta gründerverksemder og aktuelle personar i næringslivet som kan gi oss ei oppdatering på kva som føregår i "framtidfylket". På bakgrunn av undersøkinga som vart gjennomført er interessa for eit traineetreff stor blant dei tidlegare traineeane. Dette, samt at fysiske samlingar vanlegvis fører til sterkare nettverksbygging enn diskusjonar på internettsider, bør vere god bakgrunn for interessa for å starte eit slikt treff.

3.1.1. Praktisk oppbygging

Av omsyn til total arbeidsbelastning på dei tilsette i Framtidfylket, bør traineetreffet verte organisert av det gjeldande årets traineekull, og det skal innehalde ei blanding av fysisk aktivitet, sosiale aktivitetar og fagleg påfyll. I følgje spørjeundersøkinga var deltakarane mest opptekne av det sosiale og fysisk aktivitet, så dette skal det leggjast vekt på i utforminga av programmet til treffet. Dette er også viktig å ta omsyn til ved val av lokasjon. På bakgrunn av dette, kan aktuelle stader for eit slikt treff vere Stad, Oldedalen, Kalvåg, Jostedalen, Flofjellet osv.

Traineetreffet vil vere for alle tidlegare traineekull i Sogn og Fjordane og koordinatorar som har vore involvert i traineeordningane. Det er viktig å ha med koordinatorane frå dei ulike verksemdene no som framtidfylket har teke over all administrering av traineeordninga. Treffa vil då naturleg vekse seg større for kvart år og ein vil kanskje måtte ta ei evaluering angående størrelsen på samlingane dersom dei blir veldig store.

Det vert lagt opp til ei samling over tre dagar der ein har mest program på dag to av samlinga.

3.1.2. Særskilde omsyn

Sidan hovudformålet med samlinga er nettverksbygging vil samlinga vere skattbar. Aktivitetane er vel så viktige som det faglege påfyllet i ein slik samanheng, jfr. spørjeundersøkinga. Dersom ein skal oppnå at samlinga skal unngå å bli skattbar må det leggjast større vekt på faglege aktivitetar. Dette strider mot ønska som kom fram i spørjeundersøkinga. Vidare kan det vere utfordrande å få til fagleg relevant program for alle verksemdene som er med i ordninga fordi dei har svært ulik profil. Av omsyn til rettferd og like vilkår for alle deltakarar bør arrangør gjennom programmet syte for at samlinga anten er skattbar for alle eller ingen.

3.1.3. Tidsperspektiv

I og med at det er mykje som må gjennomførast før eit slikt arrangement så er det meir realistisk å få dette til i 2010 – då ein har betre tid på planlegging. Vi meiner dette bør vere eit årleg treff der invitasjonar bør sendast ut ca 4 månadar i førevegen med ca 1 måned i svarfrist.

3.1.4. Praktisk gjennomføring

Det vert det aktuelle årskullet med traineeane som har ansvaret for planlegging og gjennomføring av traineetreffet. Dei må ta ansvar for alt frå budsjett til matsservering og velgjer sjølve kva dei vil leige inn folk til å utføre av tenester. Arrangementet bør vere gratis for deltakarane. Dersom Framtidfylket ikkje kan dekkje alle utgiftene bør ein sjå på mulighetene for å få dekkja inn dei resterande kostnadane utan at deltakarane vert økonomisk belasta. Som siste utveg er det mulig å krevje inn deltakaravgift, men dette bør unngåast.

Reise til og frå traineetreffet vert opp til den enkelte deltakar å dekkje.

3.2. Nettverksløysingar knytt til Traineeordninga for Sogn og Fjordane

Føremålet med ein nettbasert database for Framtidsfylket AS er å gje tidlegare trainee-ear, uavhengig av årskull moglegheit til å knytte kontakt, oppretthalde kontakt og byggje nettverk for framtida.

Sidan hausten 2005 har det vore over 50 unge, nyutdanna som har vore trainee i små og mellomstore verksemdar i Sogn og Fjordane, anten gjennom Springbrettordninga eller Trainee SFJ. Ein database kan gi moglegheiter for nettverksbygging for både faglege og sosiale føremål.

3.2.1. Praktisk oppbygging

Vi ser for oss at nettverksløysinga er knytt til Framtidsfylket AS si heimeside; www.framtidsfylket.no. Kvar trainee kan logge seg på med eit enkelt brukarnamn og passord, til dømes med e-post adresse og eit personleg passord. Eit konkret eksempel kan vere å lage ein innloggingsknapp for tidlegare trainee-ear (på menyen for tidlegare trainee-ear, sjå under).

Når ein har logga seg inn på sida med brukarnamn og passord, kan vi for eksempel ha ein meny som seier følgjande:

Kontaktar – Alle traineeane sortert på kull (med kontaktinformasjon – namn, adresse, telefon, e-post og noverande arbeidsplass)

Informasjon knytt til kvar enkelt trainee bør innehalde følgjande:

Namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse samt kva for ei verksemd den respektive trainee har jobba i tidlegare og jobbar i på noverande tidspunkt. Kvar enkelt trainee er ansvarleg for å oppdatere denne informasjonen til nettansvarleg hos Framtidsfylket.

Gjestebook – Ei gjestebook som alle traineeane kan skrive eit innlegg i.

Diskusjonsforum – (om dette lar seg gjere teknisk) – Her kan kvar enkelt trainee ta opp ulike tema, til dømes arrangement, nyhende eller andre saker som kan være av interesse for Framtidsfylket og traineeordningane.

Bilete – "Lagbilete" frå de forskjellige trainee-kulla, samt at brukarane kan laste opp eigne bilete (bilete som er tatt av Thomas Bickhardt på samling til dømes). Sida vil med ein gong bli meir "interessant" å logge seg inn på om der er anna enn berre tekst.

Når det gjeld grafisk utforming, foreslår vi at denne står i stil med resten av framtidsfylket.no for at det teknisk skal bli minst mogleg ressurskrevjande for webansvarleg å gjennomføre.


Andre tilbod

Utsending av nyheitsbrev ved **nyhendingar** knytt til tidlegare trainee-ear eller verksemdar som har teke del i ordninga. Dette kan til dømes vere prosjekt eller stillingar som bidrar positivt for Sogn og Fjordane.

Diskusjonsforum om tema relatert til Framtidsfylket AS.

Eigne sider for kvart **årskull**

Figur 8: Menyval nettside



3.2.2. Personvern

Når det gjeld kontaktinfo, foreslår vi at vi legg ut den informasjonen som vi har utan å spørje kvar enkelt om samtykke til å gjere dette. Vi reknar ikkje med at vi har så mykje sensitiv informasjon om kvar enkelt førebels, anna enn e-post og arbeidsplass. Dette er uansett info som berre tidlegare eller noverande traineeear har tilgang til.

Når sida er oppretta kan vi sende ut linkar til alle dei tidlegare traineeane der dei blir bedne om å opprette ein profil og oppdatere denne i samsvar med kva dei sjølve ønskjer å legge inn av informasjon. Dette kan til dømes vere alder, telefon, adresse og kanskje profilbilete). Fordelen med ein slik lukka side samanlikna med til dømes Facebook, er at vi veit kven som får tilgang til den informasjonen som blir lagt ut.

3.2.3. Tidsperspektiv

At vi som traineegruppe skal klare å gjennomføre lansering av denne nettløysinga før traineeåret er omme meiner vi er urealistisk. Dette på grunn av de hektiske arbeidsdagane vi alle har før kullet er over. Det som eventuelt må til for at vi skal kunne komme "eit stykke" på vei, er at vi teke kontakt med webansvarlig for framtidsfylket.no med klare retningslinjer om kva vi er blitt einige om at portalen/databasen skal innehalde. Desse retningslinjene kan for eksempel inngå som ein del av sluttrapporten. Deretter foreslår vi at det blir opp til webansvarleg (og Anne) å praktisk gjennomføre sjølve lanseringa.

3.2.4. Praktisk gjennomføring

I fyrste omgong vil ein database krevje at nettansvarleg for framtidsfylket.no lagar ei enkel pålogging for kvar trainee, og sender ut informasjon til traineeane om korleis ein kan ta i bruk sida reint praktisk og leggje inn den informasjonen ein måtte ønskje. Når dette er gjort og nettløysinga er (forhåpentlegvis) oppe og går vil det krevje at nettansvarleg oppdaterer og vedlikehalde nettforumet. Dersom det skulle vere noko spørsmål eller problem med til dømes pålogging er det hensiktsmessig at det er oppgitt på sida kven ein kan ta kontakt med. I tillegg vil prosjektleiaren for Framtidsfylket ha moglegheita til å delta og leggje ut nyhende.

I eit økonomisk perspektiv vil forslaget om nettløysinga gje ei relativt lav kostnadsramme. Ein del ekstra timar i forkant med å byggje opp databasen må påreknast, men utover dette berre mindre vedlikehald. Dersom ein ser på kostnaden og nytten av ei slik løysing, vil vi tru at nytta er større enn kostnaden. Pr i dag har Framtidsfylket ein person som er nettansvarleg, vi meiner at utover nokre ekstra arbeidstimar på nettansvarleg, så krevjer ikkje databasen ekstra ressursar, verken i form av pengar eller menneskelege ressursar. Her har Framtidsfylket moglegheit til å nå tidlegare traineeear på ein unik og billeg måte. Dei har også moglegheit for å distribuere informasjon gjennom ein ny kommunikasjonskanal som dei ikkje har hatt tidlegare. Alt i alt så vil vi tru at dette er ein stor verdi for å byggje nettverk for Trainee Sogn og Fjordane.

Dersom ein vel å utvide nettløysinga med nyheitsbrev, diskusjonsforum og eventuelle andre funksjonar vil dette krevje ytterlegare arbeid. Vi ser føre oss at det viktigaste er å kome i gong med lanseringa av sida tidligast mogleg slik at ein har eit fundament å byggje vidare på. Dernest kan det vere opp til framtidsfylket.no i samarbeid med brukarane sjølve å foreslå endringar som kan vere med på å betre den virtuelle opplevinga av sida.

Totalt sett vil ein database i tillegg til å være ein møteplass for tidlegare og noverande traineeear på nettet, også gje Framtidsfylket og prosjektkoordinator ei fin oversikt over kven som har vert tilsett i dei forskjellige verksemdene, og eventuelt kvar dei har sin arbeidsplass i dag og kvar i landet dei bur.

3.3. Nyheitsbrev

Føremålet med eit nyheitsbrev er å bringe nyheiter frå fylket ut til dei tidlegare traineeane for å halde dei oppdatert på kva som skjer her, sjølv om dei kanskje ikkje bur her lenger. Eit nyheitsbrev kan verke supplerande i tillegg til eit traineetreff og nettsider, ved at det får ein påminningsfunksjon gjennom året.

3.3.1. Praktisk oppbygging

Nyheitsbrevet bør vere knytt til Framtidsfylket, og bere logoen og same skrifttype, fargeval og til dels lay out som heimesidene til Framtidsfylket. Dette for å gi eit heilskapleg inntrykk og skape gjenkjenning hos dei tidlegare traineeane. Vi ser det som naturleg at traineeane kvart år delar ansvaret for utsending av brevet med Anne. Anne kan syte for at det blir kontinuitet i form og utgjeving, medan traineeane vil lette arbeidet hennar samanlikna med om ho skulle hatt ansvaret aleine. Å gje ansvaret til traineeane kan og vere ein rimeleg måte å løyse det på.

Forslag til innhald i eit nyheitsbrev kan vere:

- Oppdatering på traineer (alle kull)
- Kva firma som er representert av traineer
- Kva utdanning dei ulike har
- Ledige stillingar
- Events, kurs og liknande
- Presentasjon av ei verksemd per nyheitsbrev
- Næringsutvikling

Dette inneber ikkje at kvart nyheitsbrev treng å innehalde alle desse punkta, men det kan vere som ei smørbrødtype å velje frå. Det kan likevel vere ein ide å ha nokre faste spalter i nyheitsbrevet slik at det blir ein raud tråd. Forslag til ei slik fast spalte er t.d. presentasjon av verksemder. Ei mogleg arbeidsfordeling kan vere at ein trainee får ansvar kvar utgjeving saman med Anne, og at traineeane står for dei lengre artiklane, medan Anne står for den kontinuerlege oppdateringa av det som bør vere med.

Nyheitsbrevet bør distribuerast på e-post til alle som har vore trainee tidlegare. I starten (dei to-tre første utgjevingane) bør det og innehalde ei oppmoding om å vidarese det til andre tidlegare traineear som ikkje står på mottakarlista, slik at ein etter kvart kan få fullstendig oversikt over alle tidlegare traineear sine e-postadresser. Av omsyn til brukartilrettelegging bør også kvart nyheitsbrev innehalde ein direkte link til innloggingssida for tidlegare traineear, og gjerne også til framsida til Framtidsfylket.

Det finst fleire alternative måtar å lage og distribuere eit nyheitsbrev på. Ein måte er som ei rein tekstfil på e-post, ein annan måte er å lage ei pdf-fil og sende som vedlegg på e-post, og ein tredje måte er å lage eit nyheitsbrev med html-visning på ei nettside. Fordelen med dei to siste moglegheitene er at dei og vil kunne gjerast tilgjengeleg på heimesidene til Framtidsfylket. På denne måten kan arbeidet med nyheitsbrevet slåast saman med den generelle oppdateringa av nettsidene som bør skje.

3.3.2. Særskilde omsyn

Eit nyheitsbrev kan likestillast med andre produksjonar i massemedia, ikkje minst om det også skal publiserast på internett. Vi vil derfor understreke at ein bør følgje dei presseetiske retningslinjene i produksjonen av brevet, og den eller de som skal omtalast eller siterast i nyheitsbrevet skal ha moglegheit til å godkjenne det som skal på trykk og vere klar over at dei kjem i "avisa".

3.3.3. Tidsperspektiv

Det er naturleg å starte utsending av nyheitsbrevet til hausten. Ein frist på utsending av første eksemplar innan midten av oktober 2009 gjer to månader frå start for haustens traineekull, men dette er sjølv sagt avhengig av kva tid dei blir introdusert prosjektet og tilgongen på informasjon. Vidare bør det sendast ut eit nyheitsbrev kvar annan månad om det lar seg gjere, minimum to brev per semester for å få til ein kontinuitet.

3.3.4. Praktisk gjennomføring

Nyheitsbrevet vil bli produsert og distribuert under ansvar av neste års trainee kull, dette gjelder både distribusjon og kva verksemder, sakar osv. som skal vere med. Det vil krevje at gruppa jobbar effektivt og gjerne deler opp arbeidsoppgåvene seg i mellom på en slik måte at alle vil være innoom kvar del av nyheitsbrevet ved årsslutt. Anne bør ha kontakt med redaksjonen fortløpande.

Når nyheitsbrevet har kome ut ein gong eller to kan ein sjå om det er nødvendig med innskrenkingar eller utvidingar. Det vil da vere naturleg at Anne tar avgjerda på kva som skal skje med nyheitsbrevet vidare.

Kostnadsramma på eit slikt tilbod er avhengig av kva type nyheitsbrev ein ønskjer å sende ut. Eit vanleg nyheitsbrev utan noko form for bilete el.l., er gratis utover kva jobben for den personen som finn informasjon og artiklar kostar. For nyheitsbrev som inneheld html-visning, dvs moglegheit for visning av bilete m.m., ligg prisen vanlegvis ein stad mellom 2.000 - 5.000 NOK. Dette er avhengig av heimesideprodusent. I tillegg kjem kostnadar for ein person som utfører jobben. Dette kan reknast til ca 15-20 timer arbeid i månaden. Om nokon skal gjere denne jobben i tillegg til Anne, avhenger av størrelsen på nyheitsbrevet og kor ofte det skal kome ut. Slik det er førespegla her, er dette ein jobb som Anne kan utføre sjølv innanfor den stillinga ho har i dag.

4. Finansiering og tilbakemelding frå arbeidsgjevarar

Av Andreas Hop og Marte Lange Vik

Oppstart av ei alumniordning for tidlegare traineear i Sogn og Fjordane vil sannsynlegvis krevje auka finansiering. Dei ulike tilboda krev ulik grad av finansiering, og ein kan og sjå for seg ulike finansieringsmodellar. I dette kapittelet vil vi kort skissere ulike finansieringsmodellar og –kjelder.

4.1. Finansieringsmodellar

Vi ser for oss at det er tre aktuelle finansieringsmodellar for alumniordninga til Trainee SFJ. Vi skal presentere desse tre nedanfor, samt nokre korte punkt om fordelar og ulemper ved kvar av dei. Generelt sett kan ein seie at det først og fremst er for traineetreffet at alle modellane er mogleg, medan for ulike nettløysingar vil berre den første modellen vere realistisk. Mellom anna av den grunnen kan rekkefølgja under sjåast på som prioritert.

4.1.1. Drifts- og fellesfinansiering

Den mest sannsynlege finansieringsmodellen er at ordninga finn ein måte for driftsfinansiering av tilbodet. For ei nettløysing eller nyheitsbrev vil denne finansieringa då brukast til domeneleige, løn til driftsansvarleg og liknande. For eventuelle årlege samlingar vil denne type finansiering i tillegg vere ein slags fellespott som dekkjer delar av kostnadane ved arrangementet, slik at deltakaravgifta blir mindre. Denne finansieringsmodellen har den klare fordelan at han kjem alle deltakarar til gode anten det er gjennom nettsider, nyheitsbrev eller årlege samlingar. Ulempa er at det vil måtte brukast ressursar til å gjere undersøkingar om potensielle finansieringskjelder og til å søke finansieringsstøtte frå arrangøren si side, anten det skjer gjennom tilsette i framtidsfylket, verksemdene eller traineeane. I tilknytning til nettløysingar er dette også den einaste realistiske finansieringsmodellen.

Ein moglegheit som kan vere aktuell uansett kva tilbod som blir realisert, og som kan hjelpe til å skaffe til veie ei fellesfinansiering, er å tilby verksemdar (primært tilslutta verksemdar) reklameplass på strategiske stader.

4.1.2. Finansiering av einskilde personar

Ei anna løysing som er mogleg for traineetreffet er at kvar einskild trainee blir finansiert av si verksemd. Denne løysinga har den fordelan at det ikkje blir lagt ekstra arbeid til administrasjonen av prosjektet, men det blir opp til kvar trainee å syte for eiga finansiering. Likevel er ikkje dette ei optimal løysing fordi dette er realistisk å få til berre for dei traineeane som framleis er tilsett i same verksemda som dei var tilsett i i traineeprosjektet. Ikkje alle traineeverksemdene tilbyr stillingar vidare når traineeane er ferdige med det første året, og denne finansieringsmodellen vil sannsynlegvis gå hardt ut over dei som ikkje lenger er tilsett i sine traineeverksemdar då dei ville måtte dekke alt sjølv. Dette vil og kunne føre til stor skilnad mellom deltakarane på samlinga, og kanskje skape ei insider- og ei outsidergruppe.

4.1.3. Eigenfinansiering

Ein tredje finansieringsmodell som hadde vore mogleg å tenkje seg var at tiltaka måtte finansierast av dei tidlegare traineeane sjølv. Denne modellen er og enklast å sjå for seg i samband med traineetreffet, der treffet kan dekkast av deltakaravgift. Vi ønskjer likevel å oppmode om at dette blir unngått i størst mogleg grad. Dei fleste traineear er heilt eller relativt nyutdanna og har såleis ikkje opparbeidd seg spesielt høg løn, og det vil kanskje vere vanskeleg for nokon å delta dersom deltakaravgifta blir høg. Ettersom det er ulike nivå både på utdanning og løn blant dei tidlegare traineeane vil det og kunne bli gjenstand for diskusjonar om alle skal måtte bidra like mykje til denne type tilbod.

4.2. Moglege finansieringskjelder

Generelt sett kan vi seie at det er mogleg å sjå for seg to hovudgrupper finansieringskjelder. Den første tek utgangspunkt i dei eksisterande ordningane for finansiering av Framtidsfylket, og den andre er å finne alternative kjelder til dagens løysing.

4.2.1. Med utgangspunkt i dagens løysing

Ettersom vi har forstått kjem finansieringa av Framtidsfylket og traineeordninga i dag delvis frå Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (såkalla DAA-midlar¹), medan resten blir dekt frå eigenkapitalen til verksemdene.

DAA-midlar

Etter at det vart gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift i Sogn og Fjordane i 2007, har ordninga med DAA-midlar blitt endra til berre å gjelde for Førde, Sogndal og Florø. Foreininga som administrerer ordninga heiter INU-FSF². Etter avviklinga av den opphavlege DAA-ordninga som omfatta alle kommunane i fylket, har fokus blitt flytta til desse tre kommunane. Likevel er det stadfesta i vedtektene til INU-FSF at føremålet til foreininga mellom anna er å "vidareføre det sterke næringslivsengasjementet som vart etablert under DAA-ordninga"³. Det er såleis ingen grunn til at Framtidsfylket si traineeordning ikkje skal kunne nyte godt av denne støtta. I og med at ei alumniordning vil innebere ei utviding av det eksisterande tilbodet, vil det og kunne vere mogleg å auke beløpet som det vert søkt om.

I tilskotsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet frå mars 2009⁴ er følgjande satsingsområde spesifisert:

Hovudmål	Arbeidsmål
1. Verdiskaping: Auka verdiskaping, sysselsetting og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap, geografisk differensiert og i hovudsak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	1.1 Styrke næringsmiljø: Utvikle lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. 1.2 Vidareutvikle etablerte verksemdar: Auka innovasjonsevne, og takt i etablerte verksemdar 1.3 Entreprenørskap: Auke omfanget av lønnsame etableringar
2. Rammevilkår: Gode lokale og regionale rammevilkår for næringsliv og folkesetnad, geografisk differensiert og i hovudsak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	2.1 Kompetanse: Styrke grunnlaget for kompetanseheving for folk og i samfunns- og arbeidslivet. 2.2 Infrastruktur: Styrke fysisk infrastruktur og redusere avstandsulemper i område med få innbyggjarar og små marknader.
3. Attraktivitet: Utvikle attraktive regionar og sentra for folkesetnad og næringsliv, geografisk differensiert og i hovudsak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	3.1 Tenester: God tilgang på grunnleggande lokale tenester til folkesetnaden i område med få innbyggjarar og små marknader 3.2 Stadsutvikling og profilering: Gjere mindre sentra og små og mellomstore byar meir attraktive og aktuelle som bustad og som lokaliseringstad for verksemdar.

¹ For meir om DAA-midlar, sjå Amdam, Tangen og Yttredal (2007) "Næringsretta utviklingstiltak - refleksjonar og implikasjonar", <http://www.nibr.no/uploads/publications/029f41b419df925605e5b0492f943c29.pdf>

² Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Florø, sjå

[http://www.sf-f.kommune.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC12572AA00708D84/\\$FILE/07009868.PDF](http://www.sf-f.kommune.no/sff/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3B0048DA1DC12572AA00708D84/$FILE/07009868.PDF)

³ <http://www.sogndal.kommune.no/sogn/sogndal/k2000/k2pub.nsf/viewAttachments/C1256B3D007BC718C12572BC00423609?OpenDocument&frame=yes>

⁴ http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/REGA/tilskuddsbrev/2009/post%20551_61/Sogn_og_Fjordane_551_61.pdf

Opp mot desse satsingsområda, kan alumniordninga seiast å ligge innanfor arbeidsmål 1.1, 1.2, 2.1 og 3.2. Med andre ord er det god dekning for å søke om støtte frå INU-FSF også på dette området.

Eigenfinansiering frå verksemdene

Det er REKOMP-stiftinga⁵ som er ansvarleg for traineeordninga i dag, og det er også verksemdene som er tilknytt denne stiftinga som syt for eventuelle tilleggfinansiering etter søking til INU-FSF. Det er sannsynleg at verksemdene også må pårekne ekstra omkostningar i samband med oppstart av ei alumniordning.

4.2.2. Alternative løysingar

Fylkeskommunale midlar

Eit naturleg alternativ til dagens finansiering var å tenkje seg at fylkeskommunen kunne bidra med midlar. Etter litt leiting verker det likevel som at fylkeskommunen har kanalisert sine middel av denne typen gjennom INU-FSF.

Legat

Dermed verker det som at det mest nærliggande alternative er å søke støtte frå legat. Etter eit søk i Legathandboka⁶ sit vi igjen med tre moglege legat.

*Annette og Ragnar Stoud Platous stiftelse*⁷ er i første rekke retta mot grupper eller organisasjonar, og er meint å støtte "tiltak av sosial art (...) som faller utenfor det offentlige støtteapparatet i Norge". Dersom INU-FSF finn at dei ikkje kan støtte alumniordninga, og det ikkje finst andre moglege finansieringskjelder i det offentlege apparatet kan det brukast som argumentasjon i ein søknad til denne stiftinga.

*Hans Thomas Grams stiftelse*⁸ er retta mot enkeltpersonar. Det er eit svært vidt formulert stipend med formål om å støtte eit kvart tiltak av "sosial, humanitær, kunstnerisk, vitenskapelig, forskningsmessig eller samfunnsmessig art". Arrangørane av alumniordninga kan eventuelt oppmode tidlegare traineeear som ikkje blir omfatta av andre moglege finansieringskjelder om å søke støtte her.

*Gerd og Fredrik Johans Grahl's legat*⁹ er og retta mot enkeltpersonar, som eit reisestipend i samband med vidareutdanning. Dette er nok det minst sannsynlege legatet å få støtte frå, men i enkelttilfelle og ved god argumentasjon og relevant fagleg innhald på eit traineetreff kan det hende at nokre tidlegare traineeear kan få dekt reise gjennom dette legatet.

I det vidare arbeidet med kartlegging av moglege finansieringskjelder har vi lagt vekt på å undersøke interessa for å finansiere ei alumniordning blant arbeidsgjevarane i traineeordninga.

⁵ Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane

⁶ <http://www.legathandboken.no>

⁷ <http://www.utdanningsmagasinet.no/Legathaandboken/Diverse/Annette-og-Ragnar-Stoud-Platous-stiftelse>

⁸ <http://www.utdanningsmagasinet.no/Legathaandboken/Diverse/Hans-Thomas-Grams-stiftelse>

⁹ <http://www.utdanningsmagasinet.no/Legathaandboken/Fagorientert/Andre/Gerd-og-Fredrik-Johan-Grahl's-legat>

4.3. Finansiering frå arbeidsgjevarar

Med bakgrunn i dei alternativa som er presentert i denne rapporten, og dei ulike formene for finansiering som er skissert, er det gjort ei lita undersøking med eit utval av noverande og tidlegare traineeverksemder samt verksemder som lyser ut traineestillingar frå hausten -09. Undersøkinga er gjort ved kvalitative intervju, delvis over telefon og delvis ved svar på spørsmål på e-post. Totalt har ca halvparten av tidlegare, noverande og komande traineeverksemder uttalt seg. Nokre av verksemdene som fekk e-post med spørjeskjema, let vere å svare fordi dei ikkje såg det som relevant for dei å svare av litt ulike årsaker.

4.3.1. Samling for noverande og tidlegare trainear

Til tross for nokre innvendingar som vi skal kome inn på i neste kapittel, er fleirtalet av verksemdene positive til å støtte sine egne trainear i form av reiserekning til ei slik samling som er planlagt i dette prosjektet. Villigheita til økonomisk støtte avgrensar seg derimot til det året den tilsette er trainee og det første året etter utløpet av traineeperioden dersom han eller ho fortsett er tilsett i verksemda. Det er lita vilje til å forplikte seg til å støtte eit slikt prosjekt med ein årleg sum.

Eit alternativ for finansiering som blir trekt fram frå ei av verksemdene er alternativet med at ei eller fleire av verksemdene kan vere sponsorar for ei slik samling, mot at det blir gjort tydeleg at samlinga er sponsa.

4.3.2. Nettportal eller nyhendebrief

Det er generelt lita vilje til å forplikte seg til å gje støtte til eit prosjekt over fleire år. Det skyldast at fleire av verksemdene ikkje fast tar inn ein ny trainee kvart år, men at det er noko dei tar stilling til kvart enkelt år. Dette går igjen viss me ser på kor mange verksemder som totalt sett har vore med i traineeprosjektet til Framtidsfylket opp mot årleg tal på trainear.

Somme verksemder etterspurde nyheitsbrief og såg på det som ein fin måte å spreie informasjon som kan vere interessant for næringslivet i fylket. Men igjen er villigheita til å forplikte seg til å støtte Framtidsfylket eller eit slikt tilbod låg.

Interessa blant verksemdene til ein eventuell internettportal med informasjon om traineeane er varierende. Dermed blir interessa til å støtte ei slik ordning økonomisk og deretter. Ein framhevar at tilbod som nettsider og nyheitsbrief er ganske rimelege løysingar, slik at det ikkje burde vere så vanskeleg å få til dette.

På spørsmålet om kva type finansieringsmodell som er å føretrekke svarar fleirtalet at det er mest aktuelt å gje driftsmidlar til ei alumniordning, ikkje støtte til enkeltpersonar, bortsett frå reisestøtte til eigne tilsette.

4.4. Andre tilbakemeldingar frå arbeidsgjevarar

Behovet for ei slik samling som er planlagt i dette prosjektet ligg først og fremst ikkje i det faglege. Fleirtalet av verksemdene svarar at for fagleg påfyll så har ein andre arenaer der dei har god erfaring frå tidlegare. Likevel er nokon positive viss det kan komme fagleg påfyll av generell art, til dømes etikk eller foredrag av gründerar.

Generelt sett er verksemdene positive til nettverksbygging og nokon tykkjer det er god nok grunn å reise på samling/seminar at hovudfokuset ligg på nettverksbygging. Det som derimot går igjen hjå ein del av verksemdene er at dei ønskjer seg bransjespesifikke nettverk kor ein igjen kan få fagleg utbytte. Nettverk på tvers av bransjar blir ikkje sett på som like attraktivt. Dette er ei utfordring i forhold til å skape engasjement og eigarskap rundt alumniordninga.

Når det gjelder tal dagar ein tilsett kan få fri for å reise på ei slik samling verker det som om 3 dagar er i meste laget, 1-2 dagar er lettare å akseptere.

5. Tilrådingar og oppsummering

Av Andreas Hop og Marte Lange Vik

5.1. Generelle tilrådingar

Denne rapporten har vore ei utgreiing om moglege ordningar. Vi har i liten grad vurdert dei ulike alternative løysingane opp mot kvarandre. Slik vi ser det kan spørjeundersøkinga blant tidlegare traineeear seie noko om kva alternativ som vil få størst oppslutnad. Dette må sjølvsteg vegast opp mot finansielle omsyn og traineeverksemdene si interesse for dei ulike tiltaka. Som ein konklusjon kan vi sitere ei av verksemdene som vi har vore i kontakt med i samband med å få tilbakemeldingar på forslaga som føreligg. Representanten for denne verksemda seier at det kanskje er vanskeleg å få til ei godt fungerande ordning med berre eitt av tilboda, men at dei vil kunne fungere betre saman, på den måten at det at menneskje møter kvarandre på ei samling vil skape grobotn for vidare engasjement og virtuelle diskusjonar.

Vidare har vi nokre generelle tilrådingar:

Tilbod av denne sorten kan alltid **bli betre**. Vi vil derfor oppmode om å ta i bruk **evalueringsverktøy** for å få innspel frå deltakarane på kva som kan bli betre til ein seinare gong.

Vi har sett frå traineeane si side at det er ønskjeleg med ei samling på **tvers av ulike kull**, men arbeidsgjevarane etterlyser meir **bransjespesifikke grupper**. Det er derfor mogleg at ein bør satse på samlingar innanfor ulike bransjegrupper. Vi vil likevel oppmode om at dette ikkje blir gjort i staden for, men eventuelt i **tillegg til** ei samling for alle.

Det synest som det generelt er ganske lav interesse for å gå inn med store finansielle ressursar frå arbeidsgjevarane si side. Det kan derfor vere ein fordel å **minimere kostnader** knytt til eit alumnilbod og tilby alternative løysingar for finansiering, som til dømes **sponsorfinansiering**.

Det er mest attraktivt med **driftsfinansiering** både ut i frå omsyn til rettferd, fleksibilitet i bruk av midlar og frå synspunktet til arbeidsgjevarane.

Med tanke på at vi har skissert at vi tykkjer den beste løysinga for traineetreffet er at kost og losji under treffet er finansiert av ein fellespott, medan kvar einskild trainee må koste si eiga reise tur/retur, vil det uansett kome til å bli nokre skeivheiter på grunn av ulik reiselengde, og at dei som framleis jobbar i traineeverksemda si moglegvis vil få dekt si reise. Uansett kva løysing som takast i bruk, er det sannsynleg at dei traineeane som framleis er tilsette i den verksemda dei var traineeear i vil kunne få større delar av si deltaking dekket. Sjølv om det kanskje ikkje er heilt realistisk å oppnå full rettferd og like vilkår for alle deltakarane og brukarar av denne type tilbod, vil vi understreke at dette bør ein **arbeide for å oppnå rettferd** i størst muleg grad, i håp om å unngå insider- og outsidergrupperingar.

Førebuingane til ei komande alumniordning har no pågått i over seks månader. I håp om å få til ein rask oppstart til hausten kan det vere ein idé å vidaresende ein kopi av denne prosjektrapporten til traineeane som skal starte til gjennomlesing og inspirasjon slik at dei veit kva dei skal i gang med ved sida av stillingane i verksemdene.

5.2. Samla inntrykk

Generelt sett er det stor interesse for ei alumniordning blant dei tidlegare traineeane, medan det blant traineeverksemdene er ei ganske varierende interesse for å gå inn og betale ein fast årleg sum for å få starta opp ei slik alumniordning. Traineeverksemdene ser helst at nettverk blir utvikla og vedlikehaldne innanfor dei respektive bransjane. Tilsette og traineear blir stort sett overlatne til seg sjølve når det gjeld å vedlikehalde sine nettverk anten dei er skapt gjennom traineeordninga eller ikkje.

Dersom Framtidsfylket skal få inn midlar frå verksemdar til å finansiere slike prosjekt som er skildra i denne rapporten eller andre prosjekt som måtte komme seinare må nok finansieringa skje på eit meir overordna nivå. For eksempel gjennom at verksemdar kan sponse Framtidsfylket og få profilering med marknadsverdi tilbake, eller at traineeordninga endrar form, slik at det er ei fast gruppe verksemdar som går saman og forpliktar seg til å ta inn ein ny trainee kvart år og på den måten kunne gå inn med ei felles ordning for å bidra økonomisk utover kostnadane ved å sende traineeane på samling.

Avslutningsvis vil vi oppmode om at betalingsvilligheita til verksemdene ikkje legg ein stoppar for ei slik ordning som vi har presentert i denne rapporten. I og med at dette prosjektet er gitt oss i oppdrag frå verksemdene synest vi det er litt merkeleg at ikkje interessa for å finansiere dette er større i traineeverksemdene. Vi trur at dei tre tilboda som er skisserte kan utfylle kvarandre og fange opp ulike grupper av traineear. Det er og verdt å leggje merke til at det er treffet som er det dyraste alternativet. Dei to andre framstår som rimelege. Treffet framstår likevel som viktig fordi erfaringar frå liknande ordningar er at det er når folk møtest at den bindande kontakten skapast, og det er stor interesse for det blant dei tidlegare traineeane.

Vedlegg

Vedlegg 1: Spørjeskjema til tidlegare og noverande trainear

Av Ingrid Sælensminde og Marte Lange Vik

1. Kva trainee kull tilhøyrer du?

04/05

05/06

06/07

07/08

08/09

2. Kva traineeprogram var du del av? (vart ikkje stilt dersom førre svar '08/09')

Springbrettprogrammet

NHO-programmet

Veit ikkje

3. Kor ofte har du kontakt med andre tidlegare trainear i fylket?

Kvar veke

Kvar 2-4 veke

Kvar 1-3 månad

Kvar 4-6 månad

Kvar 6-12 månad

Sjeldnare enn ein gong i året

Aldri

4. Viss du har kontakt med andre tidlegare trainear, korleis foregår denne kontakten?

E-post

Facebook eller andre nettsamfunn

På jobb

Møtast på fritida

Anna, spesifiser:

5. Kva synst du er det viktigaste formålet med å ha kontakt med andre tidlegare trainear? (Vel eitt alternativ)

Sosialt, å ha det kjekt saman

Å kunne spørje nokon til råds om jobbrelaterte tema

Å ha eit fagleg nettverk

Å kunne møte ulike typar arbeidsgjevarar i fylket

Eg synst ikkje det er viktig

Kommentar:

6. Kven av dei tidlegare traineeane kan du helst tenkje deg å ha kontakt med i ei alumni-ordning? (Vel eitt alternativ)

Eg vil gjerne ha ein møteplass for alle eller fleire av dei tidlegare traineekulla

Eg vil helst ha ein møteplass berre for mitt traineekull

Eg er ikkje så interessert i ein slik møteplass.

Kommentar:

7. Kor interessert er du i å delta på ei årleg samling som samlar fleire traineekull til litt fagleg og litt sosial aktivitet?

Veldig interessert

Ganske interessert

Litt interessert

Ikkje interessert

Kommentar:

8. Kva for type tilbod/aktiviteter synst du ei slik samling bør innehalde? (vart ikkje stilt dersom førre svar var 'Ikkje interessert')

Fysisk aktivitet

Aktivitetar for personleg utvikling

Kva hender i Sogn og Fjordane?

Fagleg kompetansebygging

Sosialt samvær

Info om vidare jobbmoglegheiter i fylket

Anna, spesifiser:

9. Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineear, kor ofte ser du for deg at du vil bruke denne?

Nesten kvar dag

1-2 gongar i veka

1-2 gongar i månaden

Sjeldnare

10. Viss vi lagar ein nettressurs for tidlegare traineear, kva synst du denne bør innehalde?

Oppdatert informasjon om bustad og arbeidsstad

Diskusjonsforum

Nyhende frå traineeprogrammet

Nyhende frå verksemdene

Jamleg utsending av nyhende på e-post

Anna, spesifiser:

11. Har du andre forslag til kva for tilbod vi kan lage? Andre kommentarar?

Kommentar

Vedlegg 2: Programforslag traineetreff – Traineetreff på Stad!

Av Malene Sande og Hans Ørjasæter

Målet med turen/opphaldet: Nettverksbygging basert på sosial uformell samankomst, aktivitet og fagleg innhald.

Dato: 26. – 28. august 2010

Stad: Hoddevik

Overnatting: Stadsurfing-huset, Lapoint, Lavvo/telt

Generell informasjon

- Berekne ca 40 - 50 personar. Dette inkluderar årets traineekull, tidlegare traineear og koordinatarar.
- Utsending av invitasjon til deltakarar: Slutten av mai. Frist for svar: Juni månad.
- Samlinga vert frå torsdag til laurdag slik at vi kan ta fredagen som kursdag. I etterkant av samlinga kan vi ta ei evaluering blant dei inviterte om korleis vi kan gjere dette betre neste gong, og om det er andre vekedagar som er meir gunstige til dømes onsdag til fredag eller fredag til søndag.
- Overnatting vil vere i Stadsurfing eventuelt Lapointhuset og lavvo/telt. Lurt å ha hus i bakhand i tilfelle dårleg vêr, og for å lage mat/dusje/bruke toalett etc.
- Sjå på mulighetene for langbord/stolar til mat ute i det fri (vêravhengig).
- Mat vert teke hand om av Rogier van Oorschot heile helga. Vi ser helst at det kun vert nytta råvarer frå Sogn og Fjordane, "Kortreist mat".
- Til det faglege innhaldet: Mulig å ha dette i ein låve som ligg like ved stranda.

DAG 1- 26. AUGUST

Kl. 18:00

Velkomstaperitiff og litt fingermat (Rogier fiksar mat på stranda)

Årets traineekull ønskjer velkomen.

Kl. 20:00

Rogier diskar opp til havets spesialitetar. Vi setter oss til bords. Årets traineekull presenterar seg sjølve.

Thomas Bickhardt –Viser bildeframvisning (mellom middag og dessert) frå første til noverande kull. Eventuelt fortelje litt. Sitje rundt langbord.

Lage stort bål – få ein koseleg stemning/atmosfære. Bli betre kjent.

DAG 2- 27. AUGUST

Kl. 09:00

Frukost. Rogier ordnar.

Kl. 09:30/10:00

Informasjon om dagens aktivitetar/hendingar. Årets traineekull står for dette.

Kl. 10:00

Deling av grupper:

- Surfing
- Longboard
- Fjelltur
- Beachaktivitetar:
 - Volleyball
 - Frisbee
 - Kubb
 - Slakk line
 - Fotball

Kl. 13:00

Lunsj. Rogier ordnar noko fortrefteleg.

Kl. 14:00

Fagleg innhald:

- Anne van Oorschot innleiar. Fortelje litt om kva som skjer i næringslivet, og ei oppdatering på kva som elles skjer i Sogn og Fjordane.
- Foredrag av Arvid Andenes. Han er sjef i sparebank Sogn og Fjordane og styreleiar i Framtidsfylket. Ein engasjert person og flink til å halde foredrag. Han kan fortelje litt om næringslivet, gründerar og moglegheiter i Sogn og Fjordane fylket.
- Invitere nystarta gründerverksemd som f eks Yast, Stadt Towing Tank el Lake for å holde eit foredrag om korleis det er å starte eiga verksemd i fylket.
- Ein person frå kvart traineekull gir ei kort innføring i prosjektet dei hadde.

Kl. 16:30

Noko smått å bite i. Rogier ordnar. Fruktfat/kjeks/drikke.

Kl.19:00

Festmiddag. Rogier lagar middag basert på råvarer frå Sogn og Fjordane.

Etter middag kan folk lene seg tilbake og kose seg med noko kaldt å drikke. Sitje rundt bålet og "byggje nettverk".

DAG 3- 28. AUGUST**Kl. 10:00**

Frukost. Utdeling av telefonlister/e-post adresser til kvar enkelt.

Kl. 11:00

Beachaktivitetar for dei som vil.

Kl. 13:00

Lunsj/avreise

Få dette til å bli eit årleg event.

Vedlegg 3: Forslag til nyhendebrev

Av Rune Henden



Framtidfylket Karrieremesser

Til karrieremessene kjem eit breitt spekter av bedrifter frå Sogn og Fjordane til Oslo, Bergen og Trondheim for å vise kva næringslivet og offentleg sektor i fylket vårt har å by på. Messene arrangerast kvart år i januar/februar og i februar i år var det tredje år på rad. Erfaringar viser at mange arbeidstakarar blir overraska over det store mangfaldet av kompetansearbeidsplassar som finst i fylket. Mange bedrifter har dessutan funne kandidatane dei er på jakt etter.

For meir informasjon om karrieremessene:

<http://framtidfylket.no/bRekrutteringsmesse2009b/tabid/6515/Default.aspx>.

Siste stillingar fra Framtidfylket

Sandane industri L/L

[Personalrådgjevar -/retteiar](#)

Sogn og Fjordane fylkeskommune

[Undervisningsstillingar - Luster vidaregåande skule](#)

Høyanger kommune

[Førskulelærer](#)

Høyanger kommune

[Undervisningsstillingar](#)

Høgskulen i Sogn og Fjordane

[Stipendiatstilling ved høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for helsefag](#)

[Alle stillingar på Framtidfylket...](#)

Framtidsfylket si eiga avis

I siste utgåva av Framtidsfylket si eiga avis kan du lese meir om gutta bak Yast, Anne van Oorschot og Åmot Gård.

Avisa kan lesast her:

<http://framtidfylket.no/bAvisaframtidfylketnob/tabid/1842/Default.aspx>



Månedens presentasjon: Fjaler Næringsutvikling

Fjaler Næringsutvikling er ei uavhengig foreining som i utgangspunktet ikkje skal ha inntekter på eigen produksjon. Våre eigarar er næringsdrivande i Fjaler, Fjaler Sparebank og Fjaler kommune. Vi har ca 90 medlemmar hovudsakleg frå næringslivet, men også nokre privatpersonar og organisasjonar. Av tilsette har vi dagleg leiar i full stilling og ein næringskonsulent.

FNU er etablert i trua på at eigarskap og engasjement frå næringslivet vil gje ei betre næringsutvikling enn eit reint kommunalt engasjement. Vi meiner at eit velfungerande næringsliv er basis for all berekraftig utvikling.

Vår hovudoppgåve er å hjelpe nyetablerarar og eksisterande verksemdar med tiltak som bidreg til ei positiv utvikling for Fjalersamfunnet. I tillegg har vi også ansvar for å samarbeide med kommunal administrasjon for å ivareta kommunale nærings saker. Noko av drifta vår er finansiert av skattepengane dine, du må difor gjerne sette krav til oss.

Internasjonalisering i krisetider

Innovasjon Norge inviterer til open nettverksamling på Rica Sunnfjord Hotel, Førde 10. og 11. juni. Tema for nettverksamlinga er internasjonalisering i krisetider. [Sjå program.](#)

EXPO

Expo Sogn og Fjordane er Innovasjon Norge si satsing for å auke omfanget av internasjonal forretningsverksemd blant små og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane.

Også for nye

Satsinga rettar seg mot bedrifter som allereie er etablert med internasjonal handel. Tilbodet går også til uerfame bedrifter som har føresetnadar for ei internasjonal satsing gjennom økonomiske ressursar, fundamenterte ambisjonar om vekst og utvikling i styre og daglig leiing og produkt/tenester med eksportpotensiale.

For meir informasjon, kontakt Segel ved prosjektleiar Trond Haavik, tlf. 57 88 59 01
trond@segel.no

Vedlegg 4: Oppsummering av tilbakemelding frå traineeverksemder

Av Andreas Hop og Marte Lange Vik

1. Kva av desse forslaga er det mest interessant for deg/di verksemd å gje tilskot til økonomisk?

- d) **Alternativ 1** er ei årleg samling over 2-3 dagar med ein kombinasjon av fagleg og sosialt opplegg.
- e) **Alternativ 2** er ei nettside med database med oversikt over tidlegare traineear, (kvar dei er no, adresse og tlf), samt moglegvis diskusjonsforum og liknande.
- f) **Alternativ 3** er eit nyheitsbrev til tidlegare traineear med aktuelle nyhende frå fylket og frå traineeordninga.

Skriftlege svar:

Alternativ 2 og 3.

Alternativ 2, der ein bygger vidare på nettsida til Framtidsfylket

Alternativ 2

Alternativ 2

Nettside

Munnlege svar:

Greit at noverande Trainee får reise på ei slik samling. 3 dagar fri er i mest laget. Mest villig til å støtte samling 1. året etter trainee-året. Mindre villige med fleire år.

Kanskje ha IT-forum liknande nettverkssamling ein gong i året. Spennande tema ift framtidsfylket. Årets kull som arrangert. Vil ikkje utelukke andre alternativ. Vanskeligare å få til samling kanskje, men verdt det.

2. På kva måte/-ar vil du helst gi økonomisk tilskot?

Støtte enkeltpersonar (reise/opphald for tilsette i verksemda på evt samling), betale til ein fellespott for alle (på denne måten kan vi lette utgiftene til dei som ikkje lenger er tilsette i si traineeverksemd), eller gje tilskot til drift (td av nettsider)? Andre måtar?

Skriftlege svar:

Tilskot til drift.

Nettsidene til Framtidsfylket skal driftast i alle fall, ei utvikling slik som skissert vil kunne finansierast av vårt felles selskap, Framtidsfylket AS

Tilskot til drift av nettsider

Tilskot til drift av nettsider.

Drift

Munnlege svar:

Støtte eigen Trainee. Reiserekning.

Nettsider er vel ikkje så dyrt. Elles er det ulike måtar å støtte ei samling på. Vi kan gå inn som sponsor kanskje eller ved å sende av garde tilsette. Det er kanskje vanskeligare å støtte tidlegare traineear som ikkje arbeidar hjå oss meir.

3. Kva skal til for at du som arbeidsgjevar vil tillate at tidlegare trainear brukar av si arbeidstid til eventuelle samlingar?**Har du noko særskild krav td. på mengd av fagleg innhald med tanke på dette?***Skriftlege svar:*

For vårt vedkomande har vi mykje felles opplæring i bedrifta som dekkjer behova for dei tilsette. Difor er det mindre aktuelt for oss med fellessamlingar.

Må vere direkte relevant enten fagleg eller for nettverksutvikling. Alumni-samlingar slik eg kjenner dei, er vanlegvis noko ein gjer på fritida, av eigeninteresse

Vi vil setja krav til mengda av fagleg innhald i samlingar der arbeidsgjevar dekkar kostnadane.

Heilt greitt med arbeidstid til samlingar. Må vere eit relevant fagleg innhald.

Må vere noko fagleg. Det sosiale kjem av seg sjølv.

Munnlege svar:

Dei fleste syns nettverksbygging og det sosiale er god nok grunn, men ser for seg litt fagleg innhald. F.eks gründere som forelesarar.

Torsdag-laurdagssamlingar er bra. Da tek ein litt av fritid, men arbeidsgjevar har og sponsa litt. Det er ei grei ordning, enklare å selje inn til både arbeidsgjevarar og tidlegare trainear.

Viktig å tenke kva ein kan bruke ei samling til. Profilerer? Jobbe med ulike ting? Ala IT-forum. Kombinasjon og balanse mellom fagleg og sosialt. Viktig for bedrifta å sjå også dei gamle traineeane

4. I kva grad er det aktuelt/interessant for deg som arbeidsgjevar å sende andre tilsette enn tidlegare trainear på eventuelle samlingar? Frå leiinga eller frå arbeidsstokken?*Skriftlege svar:*

Lite aktuelt, men avhengig av fagleg innhald.

Avheng 100 % av fagtema, relevans

Det avhenger av det faglege innhaldet. Dersom det faglege innhaldet kan tilføre ny kunnskap som kjem til nytte i vår verksemd, vil det også vere aktuelt å sende andre på samlinga.

Det er aktuelt å sende andre frå mi bedrift.

Berre tidlegare trainear. Blir vanskeleg for andre utanforståande å kome inn i det elles.

Munnlege svar:

Spørs på det faglige innhaldet. Nok arenaer for faglige samlingar. Ser ikkje for seg at andre enn trainee-en ska ha nytte av det sosiale.

Det bør vere ein dag som tar opp tema som også gagnar andre. Traineeane må drive det, men andre kan ha nytte av det.

5. Kva nytte ser du som arbeidsgjevar av at det blir starta opp ei alumniordning for tidlegare trainear?*Skriftlege svar:*

Rekruttering har vore viktigast for oss. Ei alumniordning er sikker positivt for mange mindre verksemdar der dei tilsette har behov for eit fagleg nettverk som strekker seg ut av verksemda.

Nyttig for den enkelte trainee og nyttig for bedriftene å holde kontakt med traineegruppa som nettverk, også for ev seinare rekruttering

Halde oppe kontakten med tidlegare traineear som har interesse av å arbeide i dette fylket.

Det ser eg på som udelt positivt.

Eg er ikkje sikker. Dei får et nettverk.

Munnlege svar:

Ikkje så stor nytte for arbeidsgjevar direkte, men positivt dersom det kan føre til bedre rekruttering til fylket og trainee-ordninga – Kom forslag om at eit formål med samlinga bør vere at trainee-ane må arbeide i ei arbeidsgruppe og løyse ei problemstilling/utarbeide ein rapport gjeven av Framtidsfylket AS eller som dei finn på sjølv som kan forbetre rekrutteringa, auke kunnskapsnivået om trainee-ordninga og moglegheitene i fylket etc..

Nettverksbygging: Meir aktuelt med meir bransjespesifikke arenaer! - Dei ulike bedriftene ønskjer å bygge nettverka sine internt i sine bransjar.

Med tanke på at dei vi tilsett på master, men og på bachelor er det mange. Intensjonen er å få mange med høgare utdanning til fylket. Dra folk heim igjen. Samlinga bør og vere ein ressurs for å rekruttere til fylket, kva kan vi gjere på profilering.

6. Kva av forslaga som føreligg tykkjer du ser mest interessant ut?

Skriftlege svar:

Alternativ 2 dersom den ikkje vert for kostnadskrevjande.

Nettsidene med databasar og diskusjonsforum, der kan også bedriftene ta eit ansvar for aktivitet. Samlingar sikkert hyggeleg og nyttig for den enkelte, men lite direkte relevant for bedriftene.

Eg har mest sansen for nettsida.

Nettside

Munnlege svar:

Samling og nyhetsbrev. Ei bedrift sakna eit nyheitsbrev. Kan godt gå ut til bedriftene i tillegg til traineeane.

Mest interessant at folk kjem saman. Slik vil ein sikre at gamle traineear og held saman på andre måtar.

Behov for base for å samlast etterpå, då kan nettsida/databasen fungere som ein samlingspunkt.

Blir fort til at vi treng begge deler.

Vedlegg 5: Oversikt over tidlegare trainear i Trainee SFJ

Av Marte Lange Vik

Namn	E-post	Verksemd	Mobil	Noverande arbeidsstad
04/05				
Øyvin Vabø	oivin.vabo@domstein.no	Domstein AS	90 20 53 86	Domstein Service AS
John Erik Halnes	john.halnes@domstein.no	Domstein Enghav AS	90 03 05 08	Domstein Fish AS
Stian Hjelle	sh@norwaypelagic.no	Domstein Pelagic AS	91 35 68 00	Norway Pelagic AS i Ålesund
Elisabeth Nerland (no Nerland Vad)		Hotel Alexandra	98 82 22 94	Stordal Rekneskap AS
Henrik Rutledal	henrik.rutledal@edfrading.com	SFE	92 01 49 56	EDF Trading i Oslo
Edle Iren Gjøen (no Helgheim)	edle.helgheim@gmail.com	Sparebanken SFj	91 76 73 66	Triangel
Jan Erik Sandbakk	janerik@septik24.no mr_sandbakk@hotmail.com	Sparebanken SFj	90 93 08 03	Septik 24
05/06				
Sandra K. Rosing Kvalheim	sandra@coast.no	Domstein Enghav AS	93 21 38 66	Coast Seafood AS
Cecilie Sæten	cecilie.saten@okonor.no	Hotel Alexandra	48 00 72 15	Rekneskapskontoret Gloppen AS
Monica Heggheim	monica.heggheim@sfe.no	SFE	91 70 90 68	SFE
Ole Morten Sunde		Sparebanken SFj	41 51 67 76	
Kristin Vik	kristin.vik@ssf.no	Sparebanken SFj	99 69 52 97	SSF
Hogne Lerøy Sataøen	hogne.sataoen@rokkkan.uib.no	Vestlandsforskning	93 80 74 01	Rokkansenteret
Jan Erik Weinbach	jan-erik.weinbach@sfj.no	Vestlandsforskning	40 40 89 81	SFj fylkeskommune
06/07				
Brit Sissel Kyrkjebø	brittsissel@osterbo.no	HNU	900 50 328	Østerbø Maskin
Birgitta Hagen	birgittaha@hotmail.com	HNU	917 16 024	
Synne Catrin Øren	synne@folkman.no	HNU	477 51 637	Advokatfirmaet Folkman, Slotterøy og Co. AS
Idun Husabø Anderssen	iha@vestforsk.no	Vestlandsforskning	414 69 328	VF
Åse Kristin Andersbakken	aseande@gmail.com	Sparebanken SFj	996 95 299	SSF
Renate Bjerk	renate.bjerk@ssf.no	Sparebanken SFj	41 500 519	SSF
Tor Ole Rognaldsen	tor@fishpool.eu	Sparebanken SFj	996 95 299 481 67 188	Fishpool
Geir Andre Helle	ghelle@deloitte.no	Sparebanken SFj	414 03 284	Deloitte
Jannicke Lindvik	jannicke.lindvik@sfe.no	SFE	905 73 077	SFE

Namn	E-post	Verksemd	Mobil	Noverande arbeidsstad
07/08 NHO-trainee				
Stein Kristian Vallestad	skval@statoilhydro.com	Saga Fjordbase AS	480 03 391	Statoil Hydro
Mari Lie Venjum	venjum@hotmail.com	Ralston & Bau	488 992 11	
Hege Karin Johnson	hege.johnson@nho.no	NHO Sogn og Fjordane	97 699 731	NHO Sogn og Fjordane
Ragnhild Øen Åsnes	ragnhild@hoperekn.no	Elis AS	410 80 498	Hope Rekneskap
Ane Engelsen	anerengelsen@gmail.com	EWOS AS	46 81 44 54	
Eline Haukanes	eline@mercatus.no	Mercatus AS	971 86 228	Mercatus
Trond Vegar Solvik	trond.vegard.solvik@normatic.no	Normatic AS	957 54 787	Normatic
Malvin Sandbakk	malvin@septik24.no	Miljøservice AS	915 85 467	Miljøservice
Vegar Åstebøl Larssen	vegardas@gmail.com	Stadt Towing Tank AS	92 64 51 09	
Carolyn Gilbert		EWOS AS	941 33 850	
07/08 Springbrettrainee				
Monica Brandsøy Lystad	monica.lystad@sfe.no	SFE	99 38 20 35	SFE
Reiel Haugland	reiel.haugland@ssf.no	Sparebanken S&Fj	41 02 79 05	Sparebanken S&Fj
Stein Magne Anddal	stein.magne.andal@ssf.no	Sparebanken S&Fj	90 94 84 71	Sparebanken S&Fj
Synne Nessestrand Vefring	synne.vefring@hoyanger.kommune.no	HNU	97 56 12 55	Høyanger Kommune
Hanna Nyborg Storm	storm@tmforsk.no	Vestlandsforskning	97 95 62 30	Telemarksforskning
Hege Høyer Leivestad	hegehl82@hotmail.com	Vestlandsforskning	91 31 20 78	Vestlandsforskning
Erlend Haugsbø	erlend@pao.no	HNU	95 03 01 25	Per A. Øren
Stine Moldestad Skaare	stine.m@skaaren.no stine.moldestad.skaare@smartcal.no	Hotel Alexandra	97 16 99 71	
Alice Blålid	alice.blaalid@domstein.no	Domstein Fish	90 96 56 03	Domstein Fish
08/09				
Katrine Myklebust	katrine@coast.no	Coast Seafood	40 24 22 84	Coast Seafood
Malene Sande	malene@alexandra.no	Hotel Alexandra	97 58 54 30	Hotel Alexandra
Ann-Christin Norevik	ann.christin.norevik@hydro.com	HNU	41 67 81 91	Hydro
Kristjan Ingi Nesse	kristjan@nesseplast.no	HNU	95 90 45 13	Nesseplast
Andreas Hop	andreas.hop@luster-sparebank.no	Luster Sparebank		Luster Sparebank
Per Eivind Hageland	per.eivind.hageland@no.pwc.com	PWC	95 26 13 19	PWC
Hans Ørjasæter	hans.orjaseter@sfe.no	SFE nett	99 63 77 58	SFE nett
Rune Henden	rune@transplant.no	Transplant	45 44 52 44	Transplant
Marte Lange Vik	mlv@vestforsk.no	Vestforsk	47 63 65 52	Vestforsk
Ingrid Sælensminde	isa@vestforsk.no	Vestforsk	99 03 17 16	Vestforsk